

SAK 23/10 DELTAKING I "INN PÅ TUNET-LØFTET"

Saksopplysningar

Inn på tunet er eit tilrettelagte tilbod på gardsbruk, retta mot enkeltmenneske og/eller grupper. Målsettinga med IPT er primært å bidra positivt til helse, utvikling og trivsel for den enkelte brukar. Tilboda bygger på samarbeid med oppvekst-, utdannings-, helse-, eller sosialsektoren, og omfattar aktivitetar med utgangspunkt i både garden og bonden sine ressursar.

Inn på tunet-løftet vart vedteken som ei eigen satsing i jordbruksavtala for 2010. Det er satt av 18 millionar kroner over tre år til Inn på tunet-løftet. Inn på tunet-løftet er ei treårig satsing som skal:

- Styrke kommunane sin kapasitet og kompetanse til å drive tverrsektorielt utviklingsarbeid innanfor dette området.
- Bevisstgjera kommunane på tenester innanfor grønn omsorg, grønt arbeid og grønn læring
- Bidra til forankring av Inn på tunet i kommunale planer og strategiar.

Alle kommunar kan søke om støtte frå Inn på tunet-løftet. Søknadsfrist er 10. mai 2010. Fylkesmannen er sakshandsamar før søknaden går til Innovasjon Norge. Kommunen må stå som eigar, og det blir berre gjeve tilskot til samarbeidsprosjekt, der både kommunen og Inn på tunet-tilbydar har ein aktiv rolle. Prosjektet må kunne syne til politisk forankring i kommunen. Det kan søkast om inntil 50% av kostnaden. Det blir gjeve midlar til utviklingsprosjekt med lengde frå 1 til 3 år.

Om lag 800 gardsbruk tilbyr i dag Inn på tunet tenester og ca 50 av desse er i Buskerud.

<http://www.innpaaturnet.no/>

http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/tema/landbruk_og_naringsutvikling/inn-pa-tunet-2.html?id=582133

I Strategisk plan for Hallingdal har utvikling av "Inn på tunet Hallingdal" vore eit konkret tiltak på kommunalt eller regionalt nivå. Landbrukskontora i Hallingdal har drøfta om det kan vera aktuelt med ei felles satsing og søknad frå Hallingdal i forhold til "Inn på tunet-løftet. Som det går fram av vedlegg 1, førebels utkast til søknad frå landbrukskontora, er det ynskjeleg med ein felles søknad for Hallingdal.

Det blir peika på at det i Hallingdal har vore og er nokon Inn på tunet tilbod. Erfaringane med kjøp av inn på tunet tilbod er at det må vera eldsjeler i den enkelte kommune som står på for å få til tilbodet. Dette gjer at tilboda ofte blir tilfeldige og lite forutsigbare. Det gjer og at det blir vanskeleg å satse på investeringar, for å få betre kvaliteten på tilbodet og samstundes få meir langsiktige tilbod.

For Hallingdal er det tenkt å etablere eit interkommunalt samarbeid der kommunane samarbeider om å kjøpe Inn på tunet tenester av lokale tilbydarar. Det skal utviklast modellar for tverrsektorielt samarbeid både i kommunen og mellom kommunane. Det blir foreslått å:

- Opprette faglege nettverk mellom dei ulike etatane i kommunen
- Opprette faglege interkommunale nettverk mellom dei ulike etatane
- Legge til rette for fagleg nettverk mellom kjøpar og tilbydar

Det er tenkt ein prosjektkoordinator i 40 % stilling som registrerer og systematiserer tilbydarar og tilboda deira og syter for at denne informasjonen er tilgjengeleg for potensielle kjøparar.

Les meir om Inn på tunet-løftet på sidene til:

- [Innovasjon Norge](#).
- Landbruks- og matdepartementet, [eigen Inn på tunet side](#).
- www.innpaatumet.no.

Vurdering

Landbruket har mange kvalitetar utover å produsere mat og å halde kulturlandskapet i hevd. Ein av desse kvalitetane er å bruke garden, og garden sine ressursar som arena for læring, meistring og livskvalitet.

Gardsmiljøet opnar for mange moglegeheiter for aktivitetar, der stell av dyr og planter, drift av skogen og pleie av kulturlandskapet, vedlikehald av maskiner og bygningsmasse kan utgjera ein del av aktivitetsgrunnlaget.

Inn på tunet-løftet er ei god moglegeheit for kommunane til å setja fokus på utvikling av Inn på tunet-tenester i kommunen. IPT kan vera med å løyse viktige samfunnsoppgåver, samstundes som det blir skapt nye arbeidsplassar på garden. IPT representerer eit mangfald av tilbod til barn og vaksne, og med ulike behov, dei fleste innanfor kommunen sine ansvarsområde.

Dagleg leiar støttar forslaget frå jordbrukskontora om å etablere eit felles 3-årig prosjekt for Hallingdal, i samband med "Inn på tunet-løftet".

Eit realistisk budsjett med eit tre-årig prosjekt og ein prosjektkoordinator i 40% stilling vil kunne vera i størrelsesorden 1,6 mill. kroner. Eit forslag til finansiering kan vera:

- Statleg tilskot kr. 800.000
- Eigeninnsats kr. 400.000
- Kommunalt tilskot kr. 400.000 (snitt ca. kr. 22.000 pr. år. pr. kommune)

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at kommunane i Hallingdal etablerar eit felles 3-årig prosjekt i samband med "Inn på tunet-løftet".
2. Regionrådet rår til at Rådmannsutvalet (alt. Regionrådet) får ansvaret for organisering av prosjektet.
3. Regionrådet rår til at kommunane løver eit årleg tilskot, etter fastlagt fordelingsnøkkel, på totalt kr. 134.000.

Ål 27.4.2010

Knut Arne Gurigard
dagleg leiar

Vedlegg:

- Utkast til prosjektplan

SAK 23-10, VEDLEGG 1

Prosjektorganisering:

Prosjekteigar: Hol kommune, Ål kommune, Hemsedal kommune, Gol kommune, Nes kommune og Flå kommune gjennom samarbeidsorganet deira som er Regionrådet for Hallingdal. Prosjekteigar samarbeidar med eit nettverk av Inn på tunet tilbydarar i Hallingdal: Gjertrud Gauteplass, Anne Lise Søndrol, Jeremy Wilson, Toril Venås Sørensen Henning Olsen og Marit Torsrud Nerø

Regionrådet for Hallingdal oppnemner styringsgruppe blant regionrådet sine medlemmer og vel ein prosjektansvarleg. Prosjektkoordinator er skrivar for gruppa.

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal søker om å få status som deltakar i *Inn på tunet løftet*. Dei seks Hallingdalskommunane skal bruke inn på tunet tenester som suppelement og alternativ for å nå mål i sentrale og lokale styringsdokument for å gi betre læring og livskvalitet for ulike brukargrupper.

Bakgrunn:

Rundt om i Hallingdalskommune har det vore og er nokon Inn på tunet tilbod. Erfaringane med kjøp av inn på tunet tilbod er at det må vera ildsjeler i den enkelte kommune som står på for å få til tilbodet. Desse ildsjelene står på for å påverka budsjett og bruk av midlar til slike tilbod. Ved å vera avhengig av ildsjeler, blir tilboda tilfeldige og lite forutsigbare. Det gjer at det blir vanskeleg å satse på investeringar for å få betre kvalitet på tilbodet og samstundes få meir langsiktige tilbod.

Utfordringar:

- Interkommunalt samarbeid der kommunene samarbeider om å kjøpe Inn på tunet tenester av lokal tilbyder/tilbydarar
- Utvikling av modellar for tverrsektorielt samarbeid både i den enkelte kommune og mellom kommunane
- Syne tydelege døme på økonomiske gevinsten av Inn på tunet tilbod og at dette blir lagt til grunn for prising av tenestene
- Kvalitetssikre tilbod

Tiltak for å løyse utfordringane:

Interkommunalt samarbeid der kommunene samarbeider om å kjøpe Inn på tunet tenester av lokale tilbyder/tilbydarar

- Prosjektkoordinator i 40 % stilling som registrerer og systematiserer tilbydarar og tilboda deira og syter for at denne informasjonen er tilgjengeleg for potensielle kjøparar

Utvikling av modellar for tverrsektorielt samarbeid både i kommunen og mellom kommunane

- Opprette faglege nettverk mellom dei ulike etatane i kommunen
- Opprette faglege interkommunale nettverk mellom dei ulike etatane
- Legge til rette for fagleg nettverk mellom kjøpar og tilbydar

SAK 23-10, VEDLEGG 1

Syne tydelige dømme på den samfunnsmessige økonomiske gevinsten av Inn på tunet tilbud og at dette blir lagt til grunn for prising av tenestene

- Modell for å syne tydelig dømme på den samfunnsmessige økonomiske gevinsten av Inn på tunet tilbud
- Forsvarleg økonomisk rammer for tilbyder

Kvalitetssikre tilbud

- Fagleg innhold i tilbudet i høve til sentrale og lokale styringsdokument
- Program for HMS-sertifisering av inn på tunet tilbud